

# HALVÅRSRAPPORT 2015

**SOGN OG FJORDANE ENERGI AS**



**SFE**

# RESULTATREKNESKAP

## SOGN OG FJORDANE ENERGI - KONSERN

### Konsern

Beløp i 1000 kr.	Note	1.halvår 2015	1.halvår 2014	Årsrekneskap 2014
<b>Driftsinntekter:</b>				
Sal av kraft	1,2	364 726	362 324	782 893
Sal av overføringstenester	1	153 305	141 600	273 720
Andre driftsinntekter	1	31 446	27 247	56 326
Salsvinst medeigardel i kraftverk	1	0	512 648	507 301
<b>SUM DRIFTSINTEKTER</b>		<b>549 477</b>	<b>1 043 819</b>	<b>1 620 240</b>

### Driftskostnader:

Kjøp av kraft	1	107 609	148 626	267 833
Kjøp av overføringstenester	1	25 037	28 047	62 406
Løn og sosiale kostnader	1	115 585	102 744	193 850
Aktivisering av egne tilvirka driftsmiddel	1	-35 448	-33 309	-69 811
Avskrivningar	1	69 379	64 097	132 418
Nedskrivningar	1	0	205 990	205 795
Eigedomsskatt/avgifter	1	26 807	25 931	60 064
Andre driftskostnader	1	86 837	79 702	143 973
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>395 806</b>	<b>621 827</b>	<b>996 526</b>

**DRIFTSRESULTAT 153 671 421 991 623 713**

### Finansielle postar:

Resultat frå investering i tilknytta selskap	2	1 031	-418	2 469
Finansinntekter	2	6 104	6 007	22 970
Finanskostnader	2,5	41 410	53 982	123 735
<b>NETTO FINANSKOSTNADER</b>		<b>34 275</b>	<b>48 393</b>	<b>98 296</b>

**RESULTAT FØR SKATT 119 396 373 598 525 417**

Overskotsskatt	5	54 072	11 263	47 620
Grunnrenteskatt		20 966	19 429	59 233

**RESULTAT ETTER SKATT 44 357 342 906 418 564**

Av dette minoritetsandel		-4 850	-92 103	-86 797
Av dette SFE sin andel		49 207	435 009	505 362

## UTVIDA RESULTAT SFE KONSERN

Beløp i 1.000 kr.	1.halvår 2015	1.halvår 2014	Årsrekneskap 2014
Ordinært resultat etter skatt	44 357	342 905	418 564
<u>Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:</u>			
Kontantstrømsikring rentebytteavtaler etter skatt	2 984	-3 920	-5 500
Kontantstrømsikring valutaterminkontrakter etter skatt	-626	0	0
<u>Postar som seinare ikkje kan reklassifiserast over resultat:</u>			
Estimatavvik pensjoner etter skatt	0	0	-61 210
<b>Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden</b>	<b>46 716</b>	<b>338 985</b>	<b>351 854</b>
Av dette minoritetsandel	-4 931	-92 103	-87 348
Av dette SFE sin andel	51 646	431 088	439 202

# KONSERNBALANSE 30.06.2015

## SOGN OG FJORDANE ENERGI

Beløp i 1000 kr.

<b>EIGEDELAR</b>	Note	<b>30.06.15</b>	<b>30.06.14</b>	<b>31.12.14</b>
Fallrett		1 812 022	1 789 889	1 812 022
Øvrige immaterielle eigendelar		705 816	703 713	701 312
Varige driftsmidlar		2 754 017	2 494 845	2 644 503
Investering i tilknytt selskap		50 153	46 585	49 120
Øvrige finansielle anleggsmidlar		40 257	57 501	38 081
Derivat	2	20 102	36 416	21 470
<b>Anleggsmidlar</b>		<b>5 382 367</b>	<b>5 128 949</b>	<b>5 266 508</b>
Varelager		13 671	12 623	13 512
Fordringar		115 867	370 818	145 197
Kortsiktige finansielle plasseringar		35 275	34 412	32 131
Derivat	2	32 146	6 782	18 069
Kontanter og bankinnskott		272 553	115 606	361 979
<b>Omlaupsmidlar</b>		<b>469 512</b>	<b>540 241</b>	<b>570 888</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>5 851 879</b>	<b>5 669 190</b>	<b>5 837 396</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>				
Innskoten eigenkapital		799 199	799 199	799 199
Opptent eigenkapital	5	773 786	748 825	756 389
Minoritetsinteressar		687 152	686 777	692 083
<b>Eigenkapital</b>		<b>2 260 137</b>	<b>2 234 801</b>	<b>2 247 671</b>
Pensjonsforplikting		178 218	92 058	178 218
Utsett skatt		910 840	907 196	918 904
Andre forpliktingar		22 233	31 797	22 088
Rentebærande langsiktig gjeld	2,3	1 766 551	1 697 754	1 766 551
Derivat	2	46 089	43 943	48 287
<b>Langsiktig gjeld</b>		<b>2 923 931</b>	<b>2 772 748</b>	<b>2 934 048</b>
Rentebærande kortsiktig gjeld		306 600	417 081	312 600
Betalbar skatt	5	70 847	46 937	107 723
Avsatt utbytte		77 437	100 587	0
Anna rentefri gjeld		189 455	77 791	215 213
Derivat	2	23 471	19 243	20 140
<b>Kortsiktig gjeld</b>		<b>667 811</b>	<b>661 639</b>	<b>655 676</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		<b>5 851 879</b>	<b>5 669 190</b>	<b>5 837 396</b>

## OPPSTILLING OVER ENDRINGAR I EIGENKAPITAL SFE-KONSERN

	Innskutt eigenkapital	Anna Eigenkapital	Akkumulert omregningsdiff	Kontant strøm sikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigen- kapital
<b>Saldo pr. 01.01.2014</b>	<b>799 199</b>	<b>458 845</b>		<b>446</b>	<b>459 291</b>	<b>536 880</b>	<b>1 795 370</b>
Resultat 30.06.		435 008			<b>435 008</b>	-92 103	342 905
Avsatt utbytte for 2013		-100 587			<b>-100 587</b>		-100 587
Kontantstramsikring rentebytteavtaler				-3 920	<b>-3 920</b>		-3 920
Korrigering feil tidligere år		-40 967			<b>-40 967</b>		-40 967
Innskot av kapital i dotterselskap					<b>0</b>	242 000	242 000
<b>Saldo pr. 30.06.2014</b>	<b>799 199</b>	<b>752 299</b>	<b>0</b>	<b>-3 474</b>	<b>748 825</b>	<b>686 777</b>	<b>2 234 801</b>
Årets resultat		505 362			<b>505 362</b>	-86 797	418 565
Utbetalt utbytte for 2013		-100 587			<b>-100 587</b>		-100 587
Kontantstramsikring rentebytteavtaler				-5 500	<b>-5 500</b>		-5 500
Estimatavvik pensjoner		-61 210			<b>-61 210</b>		-61 210
Korrigering feil tidligere år		-40 967			<b>-40 967</b>		-40 967
Innskot av kapital i dotterselskap					<b>0</b>	242 000	242 000
<b>Saldo pr. 31.12.2014</b>	<b>799 199</b>	<b>761 443</b>	<b>0</b>	<b>-5 054</b>	<b>756 389</b>	<b>692 083</b>	<b>2 247 671</b>
Resultat 30.06.		49 207			<b>49 207</b>	-4 850	44 357
Avsatt utbytte for 2014		-77 437			<b>-77 437</b>		-77 437
Korrigering feil tidligere år		43 190			<b>43 190</b>		43 190
Kontantstramsikring rentebytteavtaler				2 984	<b>2 984</b>		2 984
Kontantstramsikring valutaterminkontrakter				-545	<b>-545</b>	-81	-626
<b>Saldo pr. 30.06.2015</b>	<b>799 199</b>	<b>776 403</b>	<b>0</b>	<b>-2 615</b>	<b>773 786</b>	<b>687 152</b>	<b>2 260 137</b>

# Kontantstramanalyse

## Sogn og Fjordane Energi AS

Beløp i 1000 kr.

<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:</b>	<b>30.06.15</b>	<b>30.06.14</b>	<b>2014</b>
Ordinært resultat før skattekostnad	119 395	373 596	525 417
Betalte skattar i perioden	-108 439	-144 587	-142 538
Avskrivningar	69 228	64 097	132 418
Nedskrivningar	0	205 990	205 795
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	5 263	-512 648	-507 227
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytt selskap utan kontanteff	-1 031	2 837	-2 110
Verdiendring energi-, rente- og valutakontrakter	-7 996	-5 729	16 611
Endring i beholdning av driftsmateriell	-159	-102	-990
Nedskrivning av aksjar	0	3 400	13 185
Endring i kundefordringar	39 753	37 920	15 025
Endring i leverandørgjeld	6 073	26 511	5 534
Endring i kortsiktige finansplasseringar	0	0	1 173
Endring i pensjonsforpliktingar	0	1 664	-3 407
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-47 425	-274 573	12 269
<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter</b>	<b>74 661</b>	<b>-221 624</b>	<b>271 155</b>

### Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar:

Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-156 861	-682 351	-873 111
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidler	0	604 852	599 821
Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	-1 227	-10 451	-13 789
Innbetaling frå utlån	0	0	548
Kontantar innkonsolidering døtre	0	0	7 899
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-158 088</b>	<b>-87 950</b>	<b>-278 632</b>

### Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar:

Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	94 000	150 000	436 000
Innbetaling eigenkapital	0	242 000	242 000
Innbetaling kontantar ved oppkjøp av foretak	0	7 740	0
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-94 000	-150 000	-183 399
Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld	394 000	200 000	200 000
Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	-400 000	-200 000	-400 000
Utbetaling av utbytte	0	0	-100 587
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-6 000</b>	<b>249 740</b>	<b>194 014</b>

Netto endring i kontantar og ekvivalentar	-89 426	-59 835	186 537
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	361 979	175 440	175 440
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	272 553	115 606	361 977

# Halvårsrapport 2015

**Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2015 på 44 mill. kr. Resultatet er sterkt redusert frå 343 mill. kr i 1. halvår 2014 som var prega av salsgevinnt frå sal av SFE sin medeigardel på 35% i Leirdøla kraftverk til Statkraft. Kraftprisen 1. halvår var 21 øre/kWh, ein reduksjon frå 23 øre/kWh 1. halvår ifjor. Resultatet for 1. halvår er vurdert til å vere tilfredsstillande sett i lys av den låge kraftprisen.**

## Konsernet

Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde dotterselskapa SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS, Firdakraft AS og SFE Nett AS. Dotterselskapa Svelgen Kraft Holding AS, Svelgen Kraft AS, Vestavind Kraft AS, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS som er eigd 56% SFE Produksjon AS inngår også som ein del av SFE-konsernet. Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Etrygg AS og Enivest AS er tilknyttta selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane fylkeskommune:	48,2 %
BKK:	38,5 %
7 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,3 %

Rekneskapen for SFE er avlagt etter IFRS-reglane.

## 1. halvår 2015

Rekneskapen for 1. halvår 2015 viser eit overskot for SFE-konsernet på 44 (343) mill. kr etter skatt. (Tal for 1. halvår 2014 i parantes). Resultatet for 2014 var ekstraordinært godt pga salsgevinnt frå sal av eigardel i Leirdøla kraftverk og er såleis ikkje representativt for eit normalår.

Gjennomsnittleg systempris 1. halvår var 21,1 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg systempris 1. halvår i fjor 23,2 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 966 GWh (1.013 GWh). På trass av lågare produksjon og reduserte kraftprisar er nettoinntektene frå kraftproduksjon auka med 45 mill. kr frå fjoråret. Ein viktig grunn til dette var ekstraordinære eingongskostnader belasta i 1. halvår i fjor. Driftsresultatet frå området, eksklusiv salsgevinnt og nedskriving i 2014 er auka med 42 mill. kr frå 78 mill. kr i fjor til 120 mill. kr i år.



Transportert mengde i nettet var 382 GWh, dette er ein auke på 5,8% frå 361 GWh i fjor. Temperaturforhold er den viktigaste grunnen til denne auken. Selt kraftmengde til kundar i sluttbrukarmarknaden var 481 GWh. Dette er ein reduksjon på 87 GWh samanlikna med i fjor. Grunnen til nedgangen er reduksjon i mengder levert til store næringskundar. Konkurransesituasjonen i marknaden og ei langsiktig strategisk endring frå SFE har ført til ein nedgong i volumet levert til denne kundegruppa.

Nettverksemda har eit driftsresultat 1. halvår på 35 mill. kr. Dette er ein auke frå 2014 då vi hadde eit driftsresultat på 25 mill. kr på området. Resultatet for 1. halvår 2015 etter rekneskapsreglane for IFRS er rimeleg tilfredsstillande sett i forhold til SFE sin samla nettkapital på ca 1.100 mill. kr. Grunnen til dette er at rekneskapsreglane etter IFRS seier at det er fakturert nettleige som skal inntektsførast og ikkje den årlege inntekta NVE fastset at nettselskap kan krevje inn frå sine kundar. Inntekta NVE har fastsett for SFE Nett i 2015 (inntektsramma) er svært låg og vil truleg gje ei avkasting på nettkapitalen for heile 2015 på 1-2%. Dette er ikkje tilfredsstillande.

## **HMS**

SFE har eit sjukefråvær på 3,46% pr. 01.07.2015. Dette er høgare enn målsettinga om eit fråvær under 3%. Gjennom tilbakemeldingar frå tilsette, organisasjonsmålingar og i bedriftshelsetenesta si kontakt med tilsette og organisasjonen, får vi bekrefte at tilsette trivast og opplever at dei har eit engasjerande arbeidsmiljø rundt seg. Men vi er spesielt merksam på at SFE er inne i ein hektisk periode med stor aktivitet innan nybygging og rehabilitering. Høg aktivitet kan medføre høg arbeidsbelastning for enkelte. Stor anleggsaktivitet kan også gjere oss meir utsett for skadar. Siste åra har SFE sine skadetal vore over snittet for bransjen. Det har dei to siste åra, gjennom eit ekstraordinært HMS-prosjekt, blitt jobba fokusert og systematisk med å styrke HMS i heile organisasjonen. Målsettinga for 2015 er skadetal på linje med bransjesnittet eller lågare. Heile bransjen har utfordringar kring høge skadetal, og HMS er på dagsorden i alle selskap. Bransjen har ambisiøse målsettingar, med 20% årleg reduksjon i skadetal fram mot 2020. SFE har vedteke å følgje dei same målsettingane. For H1 (antall fråværsskadar siste 12 mnd pr 1 mill arbeidde timar) er måлтаlet 5,5, medan faktisk skadetal pr 30.06 er 15,6. Dette er for høgt, men likevel ein reduksjon frå 18,0 i 2014. SFE vil framleis ha eit høgt fokus på HMS og arbeide målretta for å komme innanfor dei definerte målsettingane. Det ekstraordinære HMS-prosjektet held fram i 2015. Vi har også i inneverande år styrka fokuset på det psykososiale arbeidsmiljøet, spesielt med tanke på arbeidsbelastning.



## Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 549 (1.044) mill. kr. Samanlikna med driftsinntekter 1. halvår i fjor fråtrekt salsgevinst frå eigardel Leirdøla er dette ein auke på 18 mill. kr. Driftsresultatet vart 154 (422) mill. kr. Dette er 44 mill. kr betre enn 1. halvår i fjor ekskludert salsgevinst og nedskrivning av kraftverksverdiar. Resultatbetringa skriv seg frå kraftproduksjon. Resultatet før skatt er 119 (374) mill. kr etter at netto finanskostnader på 34 (48) mill. kr er belasta resultatet. Resultatet etter skatt er på 44 (343) mill. kr. Resultatet i 2014 utan salsgevinst og nedskrivning ville vore 22 mill. kr. Det er i 1. halvår belasta 50 (11) mill. kr i overskotsskatt og 21 (19) mill. kr i grunnrenteskatt. Investeringane i driftsmiddel var 157 mill. kr i 1. halvår, av dette 120 mill. kr i nettanlegg. Investeringsnivået er såleis framleis høgt og vil vere det også i dei komande åra.

Skatteetaten har varsla endring av dotterselskapet Svelgen Kraft Holding si likning for 2010. Dette kan medføre ein auke i skattekostnaden på om lag 25 mill. kr. SFE er ikkje einig i dette varselet og vil arbeide for at endringa ikkje vert gjennomført. Vi har likevel funne det rett å gjere ei rekneskapsmessig avsetting for beløpet.

Driftsaktivitetar viser ein positiv kontantstraum på 75 mill. kr. Det er investert 157 mill kr i fysiske driftsmiddel i 1. halvår, av dette er 120 mill kr i nettanlegg. SFE investerer årleg ca 150-200 mill. kr i forsterking og utviding av linenettet for å sikre leveringstryggleik og ny produksjon nettilgong.

## Balanse

SFE sin totalbalanse 30.06.15 er på 5.852 mill. kr. Konsernet har omlaupsmidlar på 470 mill. kr og 5.382 mill. kr i anleggsmidlar.

Renteberande gjeld er 2.073 mill. kr, dette er ein reduksjon frå 2.115 mill. kr for eit år sidan.

Eigenkapitalen pr 30.06.15 er 2.260 mill. kr, det tilsvarer ein bokført eigenkapitaldel på 39%.

## Framtidsutsikter

SFE reknar med å produsere om lag 2.000 GWh på årsbasis. Utvikling i kraftpris vil ha mykje å bety for resultatet i 2. halvår. Den finansielle marknaden tilseier ein pris for 2. halvår som er lågare enn for 1. halvår, omlag 18 øre/kWh. Vi ventar eit resultat for 2.




halvår som er noko svakare enn 1. halvår. På grunn av bygging av ny sentralnettsline er delar av eksisterande nett utkopla hausten 2015. Dette kan føre til at deler av SFE sin kraftproduksjon ikkje får nettilgong noko som kan medføre redusert produksjon. Det er derfor vesentleg at sentralnettslina vert fullført og at anleggsperioden ikkje vert lenger enn nødvendig.

## Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Sandane, 27. august 2015




Per Atle Kjøllesdal  
-styreleiar-



Birger C. Schönberg  
-nestleiar-



Arvid Lillehaug  
-styremedlem-



Olin Johanne Henden  
-styremedlem-

Anne Marit Steen  
-styremedlem-



Bengt Solheim Olsen  
-styremedlem-



Oddmund Årdal  
-styremedlem-



Kjell Asle Bakkebø  
-styremedlem-



Geir Magne Evebø  
-styremedlem-



Asgeir Aase  
-konst. konsernsjef-

## Rekneskapsnotar til halvårsrekneskapen 30.06.2015

### Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapet for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2015 er avslutta pr. 30.06.2015 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapet omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med dotterselskap og tilknyttta selskap. Halvårsrekneskapet er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering.

Delårsrekneskapet gir ikkje informasjon i same omfang som årsrekneskapet og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2014. Nyttar rekneskapsprinsipp og berekningsmetodar er dei same som er omtalt i note 2 i konsernet sitt årsrekneskap for 2014, med unntak av dei endringar som er nemnt nedanfor.

### Følgjande nye og reviderte standardar er pliktige frå og med rekneskapsåret 2015:

IFRIC 21 Levies: Omhandlar avgifter pålagt av myndigheitene . Gjeld ikkje for skattar, men vil omhandle avgifter som vert avsett etter IAS 37, samt avgifter der tidspunkt og beløp er sikkert.

IFRS 1 Førstegangsbruk av internasjonale standarder for finansiell rapportering: Klargjer at eit føretak som utarbeider rekneskap etter IFRS for første gong, har eit val mellom 1) Å nytte ein eksisterande og gjeldande standard eller 2) Tidleg implementering av ein ny og revidert standard som ein ikkje er pliktig å bruke, gitt at denne standarden tillet tidleg implementering. Føretaket må bruke same versjon av standarden for alle rekneskapsperiodar som vert dekkja av rapporteringa.

IFRS 3 Virksomhetssammenslutningar: Endringa klargjer at IFRS 3 ikkje gjeld for noko form for felleskontrollerte ordningar som definert i IFRS 11, når det gjeld rekneskapet til den felleskontrollerte ordninga.

IFRS 13 Måling av verkeleg verdi: Klargjer at virkeområdet til portefølgjeunntaket omfattar alle finansielle instrument som vert rekneskapsført etter IAS 39 og IFRS 9, uavhengig av om dei vert definert som ein finansiell eigedel eller forplikting etter IAS 32.

IAS 40 Investeringseigedom: Klargjer at det krevast skjønn for å avgjere om kjøp av investeringseigedom er kjøp av enkelteigedelar, ei gruppe av eigedelar eller ein verksemd-samanslutning etter IFRS 3. Det vert vidare presisert at IFRS 3 og IAS 40 ikkje utelukkar kvarandre.

Ingen av dei nye rekneskapsstandardane påverkar SFE sitt rekneskap pr. 30.06.2015 i vesentleg grad.



## Note 1 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapet vert avlagt etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegmenter i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene. Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike dotterselskap som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på selskap og på underkonsern (kraftproduksjon).

Underkonsernet Kraftproduksjon omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Sværen Kraft AS, Vestavind Kraft AS, Bremangerlandet Vindpark AS, Lutelandet Energipark AS, Svelgen Kraft AS og Svelgen Kraft Holding AS. Svelgen Kraft og Svelgen Kraft Holding er eigd med 56 % av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100 % av aksjane i Vestavind Kraft AS. Vestavind Kraft AS eig 100 % av aksjane i Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark. Segmentet kraftproduksjon omfattar forvaltning av konsernet sin samla produksjonsportefølgje frå heileigde, deleigde og leigde kraftverk med fysisk krafthandel på Nordpool Spot og finansiell krafthandel på Nasdaq OMX Commodities. Segmentet omfattar også mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opprinnelsesgarantiar.

SFE Nett si hovudverksemd er overføring og distribusjon av elkraft. Selskapet driv elles utleige av fiber og noko entreprenørarbeid.

SFE Kraft sitt forretningsområde er sal av kraft til sluttbrukar og forvaltning av større sluttbrukarar sitt kraftbehov.

SFE (mor-selskap) er tenesteyting internt.

Kolonna for eliminering viser eliminering av interne transaksjonar mellom dotterselskap og eliminering ved konsolidering av dotterselskap i konsern.



**SEGMENTRESULTAT 30.06.2015**

(Tal i 1000 kr)

	<b>SFE Produksjon konsern</b>	<b>SFE Nett</b>	<b>SFE Kraft</b>	<b>SFE (mor- selskap)</b>	<b>Eliminering</b>	<b>Konsern</b>
<b>Driftsinntekter:</b>						
Sal av kraft	363 888	0	116 841	0	-116 004	364 726
Sal av overføringstenester	0	145 449	0	0	7 857	153 305
Andre driftsinntekter	-529	31 208	5 145	34 174	-38 553	31 446
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>363 359</b>	<b>176 657</b>	<b>121 986</b>	<b>34 174</b>	<b>-146 700</b>	<b>549 477</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Kjøp av kraft	107 609	7 573	108 415	0	-115 988	107 609
Kjøp av overføringstenester	17 138	0	0	0	7 899	25 037
Løn og sos. kostn.	30 291	58 642	6 201	20 451	0	115 585
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	-9 157	-26 249	0	-41	0	-35 448
Avskrivningar	36 247	29 848	335	2 948	0	69 379
Eigedomsskatt/avgifter	23 831	2 847	0	129	0	26 807
Andre driftskostnader	37 176	69 287	7 605	11 379	-38 611	86 837
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>243 135</b>	<b>141 948</b>	<b>122 556</b>	<b>34 866</b>	<b>-146 700</b>	<b>395 806</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>120 224</b>	<b>34 709</b>	<b>-570</b>	<b>-692</b>	<b>0</b>	<b>153 671</b>
Inntekt inv. i tilknyttta selskap	289	0	0	742	0	1 031
Netto finansposter	-27 719	-8 919	2 049	-717	0	-35 306
Skattekostnad	68 397	6 964	399	-722	0	75 038
<b>RESULTAT ETTER SKATT</b>	<b>24 397</b>	<b>18 826</b>	<b>1 080</b>	<b>55</b>	<b>0</b>	<b>44 357</b>



**SEGMENTRESULTAT 30.06.2014**

(Tal i 1000 kr)

	<b>SFE Produksjon konsern</b>	<b>SFE Nett</b>	<b>SFE Kraft</b>	<b>SFE (mor- selskap)</b>	<b>Eliminering</b>	<b>Konsern</b>
<b>Driftsinntekter:</b>						
Sal av kraft	359 598	0	151 715	0	-148 990	362 324
Sal av overføringstenester	0	164 830	0	0	-23 230	141 600
Andre driftsinntekter	12 820	17 872	5 430	34 962	-43 837	27 247
Salsvinst medeigardel i kraftverk	512 648	0	0	0	0	512 648
<b>SUM DRIFTSINNEKTER</b>	<b>885 066</b>	<b>182 702</b>	<b>157 145</b>	<b>34 962</b>	<b>-216 057</b>	<b>1 043 819</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Kjøp av kraft	148 626	10 919	138 134	0	-149 053	148 626
Kjøp av overføringstenester	20 868	29 429	0	0	-22 250	28 047
Løn og sos. kostn.	26 318	52 234	6 341	17 851	0	102 744
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	-8 188	-24 777	0	-344	0	-33 309
Avskrivningar	32 793	28 326	261	2 717	0	64 097
Nedskrivningar	203 498	2 492	0	0	0	205 990
Eigedomsskatt/avgifter	23 242	2 560	0	128	0	25 931
Andre driftskostnader	47 438	56 467	8 610	11 936	-44 754	79 699
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>494 595</b>	<b>157 650</b>	<b>153 346</b>	<b>32 288</b>	<b>-216 057</b>	<b>621 825</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>390 471</b>	<b>25 052</b>	<b>3 799</b>	<b>2 674</b>	<b>0</b>	<b>421 991</b>
Inntekt inv. i tilknytt selskap	29	0	0	-447	0	-418
Netto finansposter	-32 403	-10 163	2 067	-7 476	0	-47 975
Skattekostnad	27 825	4 423	1 584	-3 139	0	30 693
<b>RESULTAT ETTER SKATT</b>	<b>330 272</b>	<b>10 466</b>	<b>4 282</b>	<b>-2 110</b>	<b>0</b>	<b>342 905</b>



## SEGMENTRESULTAT 31.12.2014

(Tal i 1000 kr)	SFE Produksjon	SFE Nett	SFE Kraft	SFE (mor- selskap)	Eliminering	Konsern
<b>Driftsinntekter:</b>						
Sal av kraft	973 158	0	266 255	0	-456 520	782 893
Sal av overføringstenester	0	304 508	0	0	-30 788	273 720
Andre driftsinntekter	12 079	39 927	10 482	70 329	-76 492	56 326
Salsvinst medeigardel i kraftverk	507 301	0	0	0	0	507 301
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>1 492 538</b>	<b>344 436</b>	<b>276 737</b>	<b>70 329</b>	<b>-563 800</b>	<b>1 620 240</b>
<b>Driftskostnader:</b>						
Kjøp av kraft	462 360	15 290	246 993	0	-456 811	267 833
Kjøp av overføringstenester	48 242	44 534	0	0	-30 369	62 406
Løn og sos. kostn.	50 926	96 620	10 660	35 630	14	193 850
Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	-16 957	-51 754	0	-1 100	0	-69 811
Avskrivningar	67 721	58 644	522	5 530	0	132 417
Nedskrivningar	203 303	2 492	0	0	0	205 795
Eigedomsskatt/avgifter	53 913	4 619	0	254	1 278	60 064
Andre driftskostnader	75 335	108 248	15 735	22 570	-77 912	143 973
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>944 842</b>	<b>278 694</b>	<b>273 909</b>	<b>62 884</b>	<b>-563 800</b>	<b>996 526</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>547 696</b>	<b>65 742</b>	<b>2 828</b>	<b>7 445</b>	<b>0</b>	<b>623 713</b>
Inntekt inv. i tilknytt selskap	-1 406	32	0	5 456	0	4 082
Netto finansposter	-55 795	-13 009	4 167	-37 741	0	-102 378
Resultat før skatt	490 495	52 765	6 995	-24 840	0	525 417
Skattekostnad	94 967	14 737	1 998	-4 848	0	106 853
<b>RESULTAT ETTER SKATT</b>	<b>395 528</b>	<b>38 028</b>	<b>4 997</b>	<b>-19 992</b>	<b>0</b>	<b>418 564</b>

Note 2 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar			
(Tal i 1000 kr)	30.06.2015	30.06.2014	2014
Sal av kraft, herav urealiserte verdiendringar kraftkontrakter	12 400	-4 246	-8 380
Finansinntekter, herav inntekt på investering i tilknytt selskap	1 000	29	-454
Finanskostnader, herav urealiserte verdiendringar på rentekontrakter	3 746	2 462	-8 230

### Vurdering av verkeleg verdi:

Nivå 1: Notert pris i ein aktiv marknad for ein identisk eigedel eller forplikting.

Nivå 2: Verdsetting etter andre observerbare faktorar enten direkte (pris) eller indirekte (utleda av prisar) enn notert pris for eigedelen eller forpliktinga.

Nivå 3: Verdsetting etter faktorar som ikkje er henta frå observerbare marknader (ikkje observerbare føresetnader).

### **Finansielle kraftkontrakter:**

Nivå 1: Verdien av Nasdaq OMX-kontraktene vert henta frå Nasdaq OMX sine egne lister

Nivå 2: Verdien av bilaterale kraftkontrakter vert berekna på grunnlag av marknadspriskurva hos Nord Pool (systempris) dei næraste åra og deretter på egne prisestimat basert på input frå ulike aktørar i kraftmarknaden samt avtalte kraftvolum og prisar. Europrisane på kraft vert omrekna til norske kroner.

Omrekningskursen/terminkursen for EURNOK vert berekna på grunnlag av EURNOK spotkurs og marknadsrentekurvane for høvesvis norske renter og eurorenter.

### **Aksjar:**

Nivå 3: Investeringar i unoterte aksjar måler vi til kjøpskost, siste emisjonskurs eller vår del av egenkapitalen i selskapet.

### **Rentebytteavtaler, verkeleg verdi obligasjonsgjeld**

Nivå 2: Verkeleg verdi av rentebytteavtaler og obligasjonsgjeld bereknast ut frå framtidig rentekurve. Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad vert fastsatt ut frå verdsettingsmetodar. Desse verdsettingsmetodane maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og er minst mogleg bygd på konsernet sine egne estimat.

### **Valutasikring**

Nivå 1: Valutaterminar er inngått for å sikre kontantstraumar i euro frå sal av kraftproduksjon. Verdi på valutaterminane blir fastsett til marknadskursar på rapporteringstidspunktet. Valutaterminar har ein løpande marknadsverdi og kan omsetjast/terminerast når som helst til marknadsverdi.

### **Frikraftforpliktingar**

Nivå 3: Verkeleg verdi er fastsatt ut frå neddiskonterte framtidige kontantstraumar der føresetnadane er basert på observerbare data der det er tilgjengeleg og er elles bygd på konsernet sine egne estimat.

<b>Eigedelar</b>	<b>Nivå 1</b>	<b>Nivå 2</b>	<b>Nivå 3</b>	<b>SUM</b>
Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal	11 094	31 658		42 752
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon				-
Aksjar			63 781	63 781
Rentebytteavtaler - heldt for sal				-
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring				-
Rentebytteavtaler - verdisikring		9 495		9 495
<b>Sum finansielle eigedelar til verkeleg verdi</b>	<b>11 094</b>	<b>41 153</b>	<b>63 781</b>	<b>116 028</b>
<b>Forplikingar</b>	<b>Nivå 1</b>	<b>Nivå 2</b>	<b>Nivå 3</b>	<b>SUM</b>
Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal	1 996	5 933		7 929
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon	37 543			37 543
Frikraftforplikingar			21 177	21 177
Virkelig verdi obligasjonsgjeld		-		-
Rentebytteavtaler - heldt for sal		15 989		15 989
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring		7 474		7 474
Rentebytteavtaler - verdisikring				-
Valutasikring - kontantstrømsikring	626			626
<b>Sum finansielle forplikingar til verkeleg verdi</b>	<b>40 165</b>	<b>29 396</b>	<b>21 177</b>	<b>90 738</b>

### Note 3 Aktivitet i SFE-papir i første halvår 2015

#### Nye sertifikat-/obligasjonslån som er utstedt i perioden:

<b>Børsticker (ABM)</b>	<b>ISIN</b>	<b>Utstedt</b>	<b>Forfall</b>	<b>Pålydende (mill kr)</b>
SFEN37 PRO	NO0010733108	16.03.15	16.06.15	300
SFEN38 PRO	NO0010740780	16.06.15	16.09.15	300

#### Innfridde sertifikat-/obligasjonslån i perioden:

<b>Børsticker (ABM)</b>	<b>ISIN</b>	<b>Utstedt</b>	<b>Forfall</b>	<b>Pålydende (mill kr)</b>
SFEN36 PRO	NO0010703796	11.02.14	11.02.15	100
SFEN22 PRO	NO0010565435	17.03.10	17.03.15	300
SFEN37 PRO	NO0010733108	16.03.15	16.06.15	300

### Note 4 Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risiki gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle og operasjonelle risiki. Døme på operasjonelle risiki er skade på eigedelar som kraftverk og nettanlegg. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på eigedelar, tapt





produksjon og skade på liv og eigedom i samband med t.d. brann, flom eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risiki som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikiforholda.


SFE gjorde i 1. halvår 2014 ei nedskriving på immaterielle egedelar på 200 MNOK knytt til kraftverka Svelgen III og IV som vart kjøpt i 2010 som ein del av kjøpet av Elkem Energi Bremanger AS. Den kortsiktige kraftprisen har ikkje styrka seg det siste året. I samband med avlegging av denne rapporteringa er det gjort vurderingar der framtidige kontantstraumar er neddiskontert. Denne vurderinga tilseier ikkje at det er behov for ytterleggare nedskriving av verdiane i Svelgen III og IV.

For ytterleggare informasjon om risikiforhold SFE er utsett for viser vi til note 3 i årsrekneskapen for 2014.

### **Note 5 Vesentlege postar**

Svelgen Kraft Holding mottok i juni 2015 varsel om at likninga for 2010 vil bli tatt opp som endringssak. Mogeleg auke i skattekostnad er 21,7 MNOK. I tillegg kjem renter som pr 30.06.15 er berekna til 3,2 MNOK. SFE deler ikkje Skattemyndigheitene sitt syn i saka og vil innan svarfristen 30.09.15 gje eit svar der vi klargjer våre innvendingar mot deira standpunkt. Det er gjort rekneskapsmessig avsetjing for den mogelege kostnaden på 24,9 MNOK i vårt rekneskap pr. 30.06.2015.

Eigenkapitalen er auka med 43,1 MNOK som følgje av reversering av ei korrigering av ein post frå immateriell egedel til varig driftsmiddel. På grunn av endring i avskrivningstid medførte dette også ei endring i utsett skatt og endring av eigenkapital.



SFE

## Erklæring frå styret og konsernsjef

Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2015 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Konsernrekneskapen for 1. halvår 2015 for Sogn og Fjordane Energi AS er avlagt i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards).

Etter vår beste overtying:

- er rekneskapen for 1. halvår 2015 for konsernet utarbeida i samsvar med gjeldande lover og rekneskapsstandardar
- gir opplysningar i rekneskapen ein rettvisande og heilskapleg oversikt over konsernet sine eigarar, gjeld og finansielle stilling og resultat per 30.06.2015
- gir rekneskapen for 1. halvår 2015 ein rettvisande oversikt over
  - utviklinga, resultatet og stillinga til konsernet
  - dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar konsernet er eksponert for

Sandane 27.08.2015

Per Atle Kjøllesdal

- styreleiar -

Birger Schønberg

- nestleiar -

Anne Marit Steen

Bengt Solheim-Olsen

Arvid Lillehaug

Olin Johanne Henden

Oddmund Årdal

Geir Magne Evebø

Kjell Asle Bakkebø

Asgeir Aase

- konst konsernsjef -

Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

## UTTALELSE OM FORENKLET REVISORKONTROLL AV DELÅRSREGNSKAP

Vi har utført forenklet revisorkontroll av delårsregnskapet for konsernet Sogn og Fjordane Energi AS. Delårsregnskapet består av konsernbalanse per 30. juni 2015, resultatregnskap, utvidet resultat, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømanalyse for seksmånedersperioden 1. januar til 30. juni 2015 og noteopplysninger.

### *Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide delårsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et delårsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

### *Revisors oppgaver og plikter*

Vi har utført vårt arbeid i samsvar med den internasjonale standarden ISRE 2410 Forenklet revisorkontroll av delårsregnskaper, utført av foretakets valgte revisor, og Den norske Revisorforenings regler om etikk.

En forenklet revisorkontroll av regnskap består i å rette forespørsler til selskapets ledelse og andre som er involvert i utarbeidelsen av delårsregnskapet, gjennomføre analyser og andre kontrollhandlinger.


Forenklet revisorkontroll av regnskap er betydelig mindre omfattende enn en revisjon i henhold til de internasjonale revisjonsstandardene, og vi kan derfor ikke avgi en revisjonsberetning til dette delårsregnskapet.

Etter vår oppfatning har vi i vår forenklete revisorkontroll innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

### *Konklusjon*

Vi har ikke avdekket forhold som gir oss grunn til å mene at delårsregnskapet ikke gir et rettviseende bilde i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU.

Bergen, 27. august 2015  
Deloitte AS

  
Helge-Roald Johnsen  
statsautorisert revisor